



Tore Roald Iversen dødsbu
v/Inger Alise Iversen Olsvikmarken 84
5183 OLSVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/368 - 16/12719

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
23.06.2016

Utslepp av gråvatn frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 42/114 - oppheving av vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 215/2016

Saksutgreiing:

Eigedomen gbnr 42/114 fekk i sak DNT.184/2015 godkjent eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad i hytteområde på Eikeland. Søknaden vart fremja av føretaket Fløysand VA v/Terje Fløysand, etter fullmakt frå tiltakshavar, dagsett 10.02.2015. Det låg også føre søknad om tilkopling til kommunalt vassverk.

Etter at søknaden var handsama og godkjent av Meland kommune, vart kommunen kontakta av tiltakshavar både på telefon og i e-post, dagsett 04.06.2015, der det vart opplyst at dette måtte vera ei mistyding. Eigar var ikkje interessert verken i gråvassutslepp eller tilkopling til kommunalt vassverk no. Eigar opplyste vidare at han hadde samtykka til å være med på tilrettelegging med felles tilkoplingskum, slik at eigedomen seinare kunne kopa seg til. Det var ikkje aktuelt no.

Vurdering:

Fullmaka som låg ved søknaden omfatta utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk. Tiltakshavar har ikkje vore oppmerksom nok når fullmakta vart underskriven. Det er på det reine at kommunen har halde seg til søknaden slik den låg føre, så dette er nok ei mistyding mellom tiltakshavar og Fløysand VA.

Etter ei samla vurdering, og ettersom tiltakshavar ikkje ynskjer det som er godkjent, har administrasjonen vurdert saka slik den no står, å oppheva vedtaket for gråvassutsleppet som vart gjort i sak DNT.184/2015. Søknad om tilkopling til kommunalt vassverk er ikkje handsama.

Dersom eigedomen seinare ynskjer utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk, må det sendast inn nye søknader. Utsendt faktura, fakturanr 11004906, vert kreditert.

Vedtak

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune viser til saksutgreiinga og vurdering og opphevar vedtaket i sak DNT.184/2015. Dersom eigedomen seinare ynskjer utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk må det sendast inn nye søknader.

Utsendt faktura, fakturanr 11004906, vert med dette kreditert.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløysand VA as	Fløksand 76	5918	FREKHAUG
----------------	-------------	------	----------

Mottakere:

Tore Roald Iversen dødsbu	v/Inger Alise Iversen Olsvikmarken 84	5183	OLSVIK
---------------------------	---	------	--------